

## Entreprenørskapsmesse i Lærdal 16.april 2024

### Informasjon til lokale bedrifter om elevbesøk og stand

#### Generelt om opplegget

Kvart år arrangerer «System for styrka læring» i Sogn og Ungt Entreprenørskap Vestland ei entreprenørskapsmesse for ungdomsskuleelevar i 8. og 9.klasse. 9.klasseelevar presenterer sine bedrifter, medan 8.klasseelevar er gjester. Det er eit utval av «dei beste» elevbedriftene frå 9.klassane i Sogn som får presentere seg, rundt 30 elevbedrifter. Elevane frå 8.klasse deltek på messa for å få inspirasjon til arbeidet med elevbedrifter til neste skuleår. Entreprenørskapsmessa går på rundgang i kommunane. I år er turen komen til Lærdal. Totalt er det om lag 500 elevar frå 8. og 9.klasse som besøker Vik denne dagen.

#### 12 lokale bedrifter x 2 bedriftsbesøk

Det er elevane i 8. klasse som skal delta på bedriftsbesøk. Dei vert delt i to hovudgrupper. Desse vert igjen delt i 12 delgrupper som skal besøke lokale bedrifter i Lærdal. Me håpar difor at dykkar bedrift ynskjer å vere vertsskap. Inndelinga i grupper skjer klassevis, så langt det er praktisk mogleg. Talet på elevar i kvar gruppe vil difor variere noko (10 - 20). Arrangørgruppa set opp og fordeler gruppene. Meir informasjon om grupper og tidsplan vert sendt til bedriftene rett i forkant av messa.

Medan den første hovudgruppa er på bedriftsbesøk, er den andre gruppa i idrettshallen, og omvendt. Det betyr at alle 12 lokale bedrifter får to besøk i løpet av dagen. Alle gruppene skal ha med seg guidar (elevvertar frå skulane i Lærdal og lærarar frå eigen skule). Desse skal følgja gruppa heile turen. Guidane er ansvarlege for at tidsramma vert følgt.

#### Nokre innspel til dei lokale bedriftene i planlegging av bedriftsbesøket

- Det er 14-åringar som kjem på besøk. Innhold og formidling må difor tilpassast målgruppa
- Bruk gjerne ein person frå bedrifta som er van med å snakka til/med ungdommar. Det kan vere fint å involvere evt. lærling eller nytilsett i bedriftsbesøket saman med t.d dagleg leiar
- Kvart besøk har ei maksimal tidsramme på 30 minuttar, og tida går ofte svært fort..
- Tema som bør vera med i bedriftene sin presentasjon:
  - Bedrifta sin forretningside - kva de driv med
  - Planar, mogelegheiter og utfordringar framover
  - Kva type arbeidskraft/utdanning bedrifta treng i framtida
  - Generell informasjon om korleis det er å drive ei bedrift – privat/offentleg
  - Avslutt gjerne med praktisk omvising som syner kva som vert gjort i bedrifta, slik at det ikkje berre vert teoretisk. Elevane lærer ofte meir av å sjå/ta på, enn å berre høyre på

## **Ynskjer di bedrift å ta i mot to elevgrupper 16.april?**

Ta kontakt med næringsrådgjevar Ingeborg Lysne **innan 8.januar** viss dette verkar interessant. Viss det blir over 12 bedrifter som melder seg må me ta eit utval. Alle 12 bedriftene som takkar ja til å vere vertsskap for bedriftsbesøk peikar ut ein kontaktperson som er ansvarleg for besøksopplegget på messedagen. Ingeborg vil ha tilsendt namn og kontaktinformasjon til vedkomande så snart som mogeleg. Send opplysningane til [ingeborg.lysne@laerdal.kommune.no](mailto:ingeborg.lysne@laerdal.kommune.no) Ingeborg er også tilgjengeleg for spørsmål på tlf. 90 27 47 82.

Programleiar for entreprenørskapsmessa og «System for styrka læring» kan også kontaktast ved behov: [ingrid.steine.bortne@sogndal.kommune.no](mailto:ingrid.steine.bortne@sogndal.kommune.no) tlf. 48 25 03 06.

## **Stand i idrettshallen**

Det er i tillegg svært ynskjeleg at nokre lokale bedrifter frå Lærdal ynskjer å stille med eigen stand i idrettshallen. Då kan 8. og 9.klassingar besøke både standar til elevbedrifter og lokale bedrifter frå Lærdal samtidig. Viss bedifta dykker vil stille med stand i idrettshallen er det lurt å tenke gjennom korleis ein kan profilere seg for 14-15 åringer i idrettshallen. Meld tilbake til Ingeborg **innan 1.mars** om de ynskjer å stille med stand i idrettshallen.

Me håpar dette verkar interessant for dykker bedrift. Ta gjerne kontakt ved spørsmål.

På førehand takk for hjelpa!

Lærdal, 11.desember 2023

Med helsing

Ingrid Steine Bortne

Programleiar, System for styrka læring i Sogn

Ingeborg Lysne

Næringsrådgjevar i Lærdal kommune